

Til

Kultur- og likestillingsdepartementet

[postmottak@kud.dep.no](mailto:postmottak@kud.dep.no)

Oslo, 1.2.2023

## INNSPEL OM STRATEGI FOR KULTURFRIVILLIGHEIT

Norsk Bibliotekforening viser til invitasjonen om å koma med innspel til strategiarbeidet for kulturfrivilligheita og regionale kulturfond, og takkar for høvet til å melde inn våre synspunkt på temaa som departementet løftar opp.

Norsk Bibliotekforening er ein interesseorganisasjon for bibliotek og bibliotekinteresserte, og arbeider for biblioteka si rolle i samfunnet, og meiner at bibliotek og informasjon både er ein menneskerett og ein føresetnad for yringsfridom og demokrati. Biblioteka har ei viktig rolle innanfor arbeidet med berekraftsmåla i mange kommunar, mellom anna i bruken av samskaping som metode for samarbeid mellom offentleg og frivillig sektor.

### **Vårt innspel vedrører fyrst og fremst tema 2 og 4, men òg 3.**

Bibliotek finst både som folkebibliotek, skulebibliotek og fagbibliotek. Særleg folkebiblioteka jobbar opp mot frivillig sektor.

Folkebiblioteka er unike institusjonar i kommunane på den måten at vi har lovfesta eit armlengds avstandsprinsipp gjennom lov om folkebibliotek. Folkebiblioteket skal vera ein “uavhengig møteplass og arena for offentleg samtale og debatt.” Det gir dei heilt andre moglegheiter for samarbeid, samhandling og samskaping enn det som har vore tradisjonen i kommunal sektor.

Så seint som i spørjetimen i haust understreka kulturministeren at folkebiblioteka skal vera ein demokratisk arena og tilgjengeleg for alle, at dei er viktige for yringsfridomen og at biblioteksjefen har ei redaktørliknande rolle.

Det gir store moglegheiter for frivillige organisasjonar. Der andre kommunale institusjonar i større eller mindre grad skal styre etter politisk utforma målsetnader, skal folkebiblioteket vera ein demokratisk arena som like gjerne skal vera med og stille informasjon og møteplassen til disposisjon for å utfordre styringa i ein kommune.

Gjennom dei siste åra har særleg folkebiblioteka opplevd eit løft gjennom målretta midlar gjennom spelemidlane. Hundrevis av bibliotek har fått nye sceneelement og lyd- og lysutstyr. Kompetansen er òg auka hos dei tilsette når det gjeld bruken av dette utstyret og kva rolle dei har som vertskap. Det vil seie at det no skal vera enklare for ein frivillig organisasjon å bruke biblioteket som ein arena. Det kan vera ein lågare terskel for ein frivillig organisasjon å ha eit arrangement hos biblioteket enn eit kulturhus som er pålagt innteningskrav.

Det blir stadig bygd nye bibliotek, ikkje berre i Bjørvika, men i store og små kommunar. Lillestrøm, Nord-Odal, Flakstad, Røros, Sarpsborg, Halden, Hustadvika og Stor-Elvdal er mellom kommunane som byggjer eller har bygd nye bibliotek dei siste åra. Dei har til felles at dei lagar møteplassar som eignar seg for både små og store møte der frivilligheita er viktig og velkomen.

I tillegg har dei til felles at kommunen byggjer og tek ansvaret. Og at kommunen får særst lite (om noko) tilskot til lokale/regionale kulturbygg (som bibliotek) over spelemidlane. Her er det ein stor jobb å gjera, kulturfeltet må kunne likestillast meir med idretten. I mange tilfelle blir bøygen for å byggje nye lokale eller ombyggje gamle for stor. Hadde fylkeskommunen med hjelp av spelemidlane kunne stilt med tilsvarande tilskot som ein gjer på idrettsanlegg, hadde kulturen stilt sterkare i konkurransen om dei kommunale investeringsmidlane òg.

Når det gjeld gode døme og korleis ein kan lære meir av kvarandre vil vi vise til Nasjonalbiblioteket sin prosjektportal på [bibliotekutvikling.no](http://bibliotekutvikling.no). Det er særst mange bibliotek som prøver ut ulike metodar for samskaping med frivilligheita, særleg fylkesbiblioteka i Innlandet, Rogaland og Viken har teke ei leiarrolle i utvikling av metodikken for bibliotek.

Elles kan vi nemne at historisk har bibliotek hatt gode samarbeid med den «tradisjonelle» kulturfrivilligheita som ungdomslag, historielag, mållag, bygdekvinnelag og fleire. No samarbeider mange med Seniornett Noreg om digihjelp, og «Sjakk og Samfunn» er eit tiltak som har funne mange bibliotek å samarbeide med.

Frivilligsentralane er ein annan aktør som har funne det naturleg å samarbeide med biblioteka. Det finst døme på at funksjonane til biblioteket og frivilligsentralen er samla hjå same person, slik at ein får både eit ope bibliotek og tenester til frivilligheita i større delar av veka.

For å oppsummere: biblioteka har ei viktig rolle som møteplass i alle kommunar. Ei styrking av særleg små og mellomstore bibliotek vil utløyse ressursar for frivilligheita òg, med betre tilgang til lokala og større høve til samhandling mellom offentlege og frivillige aktørar.

Beste helsing

NORSK BIBLIOTEKFORENING

Vidar Lund

leiar